

Litt om serien:

## Galatarbrevet

### - nådens evangelium


Paulus skriv brev for å halde kontakten med mange av dei kristne kyrkjene han planta på sine misjonsreiser. Det var spørsmål å svare på og konfliktar å løyse opp i. Paulus følgde opp leiarar og enkeltmenneske og hjelpte dei til å skjøne og leve trua på evangeliet om frelse i Jesus. Men i eitt av det første breva han skreiv, brevet til Galatarane, har Paulus ein ekstra direkte og hard tone. Ikkje lenge etter han har vore hos dei, glepp det heilt sentrale: nemlig evangeliet. «Er de gått frå vettet» spør Paulus. All glede og tryggleik, all fridom og frimod, ja heile frelsa forvitrar om de ikkje har og byggjer på det eine, sanne evangeliet eg har forkjent dykk. Sjølv om det kan vere mange innsteg til det å tru, har trua eit innhald som inga ny openberring, inga ny erfaring, ingen ny tanke eller kjensle kan gjere om på. For det som står på spel her, er om vi eigentleg frelsar oss sjølve, eller om det er Jesus som frelser oss. Og DET skal vi grave i i denne serien.

Litt om tema:

### Evangeliet gjev fridom

«Til fridom har Kristus frigjort oss». Folket i Galatia hadde høyrd dette før, akkurat som vi har høyrd det mange gonger før. Men så glir vi tilbake, umerkeleg, eller fordi det er så mange gode grunnar til det. Vi vil så gjerne framstå som vi har ting litt meir på stell enn dei der andre, og så linkar vi dette opp mot trua vår. Når denne «surdeigen» av sjølvtilfredsheit og sjølvberging får verke ei stund, så kan vi plutseleg tenkje at å vere kristen er å ha sakane sine i orden, slik dei jødechristne tenkte at dei måtte omskjærast for å vere «skikkelege kristne» Men Paulus minner oss om at det er berre trua på Kristus som frir oss ut frå slaveriet.

Vi er kalla til fridom, sysken. Men denne fridomen er ikkje ein tom fridom som går ut på å gjere det vi sjølv finn for godt. Vi er ikkje berre frie frå noko, vi er også frie til noko, nemleg til å tene kvarandre i kjærleik.



# Evangeliet gjev fridom!



### Gal 5, 1-15 Spørsmål til teksten

1. I vers 1 og 5, korleis beskriv Paulus fortida, notida og framtida vår? Kva betyr dette for oss?
2. Korleis kan vi forstå biletet av «surdeig» i vers 9?
3. Korleis kan vers 13 og 14 gje svar på spørsmålet om ein kristen kan gjere akkurat det han/ho vil?

### Gjennom deg og vidare

I vår kultur forstår vi gjerne «fridom» som å gjere akkurat det vi sjølv finn for godt, utan grenser. Korleis kan du formidle til folk rundt deg at kristen fridom er annleis, full av innhald og mening?



### Takk, bøn og forbøn

1. Takk for at Kristus har gjort dykk frie frå slaveriet under synd og sjølvrettferd. Be om at denne sanninga må gjennomsyre dykk!
2. Be om Anden si rettleiing til eit liv i fridom som løfter andre opp gjennom kjærleik, i staden for å trykkje dei ned gjennom sjølvheving.
3. Be gjerne for kvarandre og for ting de opplev at bind dykk og gjer dykk ufrie.

Som kristne veks vi ved å lære å høre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast?  
Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Høyrde eg?

Kva Gjer eg med det?

### Den ærlege samtaLEN

1. Kva for dårlege «surdeigar» har lett for å snike seg inn hos deg slik at evangeliet blir mindre tydeleg for deg?
2. Synast du nokre gonger at evangeliet er «for enkelt», for svart/kvitt, ja, litt flautt og unyansert? Eller kanskje for komplisert? Kva fortel dette deg?



### Takksam deling

Har nokon av dykk praktiske eller andre behov som gjev dei andre sjanse til å «tene dykk i kjærleik»? Eller veit de andre som har behov for at de brukar fridomen dykker slik?

